

Wenche og Nils Birger Soltveit

Nordre Steinestø 7

5108 HORDVIK

Hordvik, 13.03.2014

Radøy kommune

v/ Byggesaksavdelinga

Radøyvegen 1690

5936 MANGER

Saksnr: 14/390

Vi viser til brev frå Dykk datert 27.02.2014 og telefonsamtale med Line Hervig 05.03 og Tonje Nepstad Osland 10.03.2014 og sender no inn til Dykk skjemaet: «Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett» + kart med innteikning av kaien og kvar vi søker om å få sprengje for å få ein slett kant. Vi sender også med bilder slik Osland sa vi kunne gjere.

Som vi opplyste om på telefonen vart nabovarsel send i byrjinga av april 2013. Kvitteringsliste vart sendt til Radøy kommune. Vi var ute på kommunehuset i slutten av mars 2013 og snakka med representant for byggesaksavdelinga. Då fekk vi med oss nabovarselsskjema og navn og adresse på kven vi skulle sende nabovarsel til. Etter avtale med Osland sender vi kopi av konvolutt på det eine nabovarselet som ikkje blei henta innan fristen og som vi fekk i retur. Den andre naboen, Karin og Jonvar Gjelsvik ringde oss umiddelbart etter at dei hadde motteke varselet, for å få opplysningar om bygginga av kaien.

Vi legg ikkje ved kopi av vedtaket frå Bergen og Omland Havnevesen for det har Radøy kommune allerede motteke kopi av.

Hanøy Riggboring v/ Raymund Lyngbø som skal stå for skytinga, har ansvarsrett, og vi legg ved brev om dette.

Ang. behov for skyting: det vi har søkt om å få skyte er i ei lita vik ved sidan av der vi skal bygge kai. No skrår berget ut i sjøen, og dersom vi får skyte får vi ein rett kant på fjellet og det vert lettere å leggje inn til med båt. På fjøra sjø vil vika verte om lag 70 cm breidare i ein lende på om lag 6 m. På flo sjø er vika om lag 1.80 m djup.

Vonar på eit positivt svar.

Med helsing

Wenche og Nils Birger Soltveit

Wenche Soltveit
Wenche Soltveit